



Unni og Øyvind Bruknapp  
Orresteinen 31  
5916 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/5503 - 14/17089

Saksbehandlar:

Nina Bakanova

Nina.Bakanova@lindas.kommune.no

Dato:

18.07.2014

## Manglar i sak 14/17089 - etablering av bod Gbnr 185/306 Isdal

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 25.06.2014.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må sendast inn komplett søknad med opplysning om arealdisponering, tomteareal, bruksareal og bygd areal før og etter etablering av tiltaket.
2. Vi gjer merksam på at tiltaket ligg i område som er omfatta av reguleringsplan Juvikstølen. del av gnr.185 Isdal felles. Punkt 3.1.3 reguleringsplanens føresegner lyder:

**3.1.3. Tilleten tomteutnytting TU, rekna som bruksareal i prosent av tomtearealet, er 30 % for enkelttomtar, 40% for utbyggingsfelt.**

Sidan tiltaket skal oppførast på enkelttomt, må grad av utnytting ikkje overstige 30%. Dersom grad av utnytting vert over 30%, må det søkjast dispensasjon frå reguleringsplanens føresegner punkt 3.1.3.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.08.2014. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733



Med helsing

Nina Bakanova  
sekretær

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Unni og Øyvind Bruknapp

Orresteinen 31

5916

ISDALSTØ